

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE PÅ TEAMS

Møtedato: 9. februar 2021

Tidspunkt: kl. 1400 – 1450

Som medlemmer møtte: George Fulford, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Anne Holstad, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Arnljot Muren

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr. S01/21 – S06/21

Vedtaksaker:

SAK NR S01/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S02/21 GODKJENNING AV PROTOKOLLEN FRÅ 9. DESEMBER 2020

Tilråding til vedtak:

Protokollen frå styremøtet 9. desember 2020 vart godkjend.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Protokollen frå styremøtet 9. desember 2020 vart godkjend.

SAK NR S03/21
PROSESS FOR TILSETTING AV NY DAGLEG LEIAR

Styreleiar vil orientere om prosessen rundt tilsetting av ny dagleg leiar i år.

Tilråding til vedtak:

På grunn av sakas natur kjem det ingen tilråding frå administrasjonen.

Styrehandsaming:

Kort diskusjon rundt å engasjere eit rekrutteringsselskap til å hjelpe til i prosessen, noko som truleg vil bli gjort.

Vedtak, samr.:

Styret gir fullmakt til eit utvalg bestående av styreleiar George Fulford, styremedlem Anne Holstad og tillitsvalgt Rune Jensen Ulset. Utvalget skal føre prosessen vidare på vegne av styret, inkl. ein framdriftsplan. Styret skal ha løpande orientering om prosessen.

SAK NR S04/21
STATUS DEPONIET PÅ FLØ OG DEPONIA I DEI ANDRE EIGARKOMMUNENE

Den austre delen av deponiet er ordna, slik som representantskapet vedtok i november. M.a.o. er sprekkene tetta igjen og der er ikkje lenger fare for folk og dyr. Den vestre delen skal greiast ut vidare, både juridisk, økonomisk og reint praktisk. I tillegg skal det denne vinteren hentast inn informasjon om (les: kartlegging av) nedlagde deponi elles i alle eigarkommunene. Orientering blir gitt på møtet. Saka skal leggast fram for representantskapet i mai d.å.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

SAK NR S05/21
STATUS FOR ETTERKONTROLLEN ETTER SELSKAPSKONTROLLEN OG MØTET I ULSTEIN KONTROLLUTVALG

Møtet i Ulstein kontrollutvalg skulle vere onsdag 10. februar kl. 13.00 i kommunestyresalen på rådhuset i Ulstein, men dette vart utsett til mars eller april på grunn av den pågåande pandemisituasjonen. I følge eit offisielt kommunestyrevedtak

i Ulstein før jul, skal SSR sitt representantskap levere ei fråsegn om saka innan 1. mars 2021. På grunn av situasjonen blir nok denne fristen utsett ei stund. Det betyr kanskje at ein slepp å kalle inn representantskapet på kort varsel etter styremøtet (og etter møtet i kontrollutvalget). Saka blir tatt opp i det ordinære representantskapsmøtet i mai d.å. I korte trekk handlar saka om ulike synspunkt mellom SSR og Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS vedrørende mindre summar i rekneskapsåra 2010 – 2018.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Viktig sak – som blir forankra i styret gjennom at styreleiar er tett på den faglege diskusjonen og prosessen rundt saka.

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

Orienterings- / drøftings- / vedtakssaker:

**SAK NR S06/21
DAGLEG LEIAR ORIENTERER**

Dagleg leiar orienterte om følgande saker:

- Status SSR og koronapandemien.
- Status for retting av avvik etter branntilsynsrapporten – og status for fleire komande kontrollar.
- Status plastemballasje.
- Status for møte i konfliktrådet.
- Kundeundersøkinga 2020.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Styrehandsaming:

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, 9. februar 2021



George Fulford
styreleiar



Camilla Storøy
nestleiar



Margareth Leinebø



Anne Holstad



Kjartan Grimstad



Bjarte Uglum



Einar Heimdal
dagleg leiar